



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201302248-3/650/ERLHOF

Dykkar ref.:

Bergen, 15. april 2013


Forslag til landsverneplan for Miljøverndepartementet - høyringsmerknad

Me viser til høyringsforslaget til landsverneplan for Miljøverndepartementet. Planforslaget inkluderer eitt anlegg frå Hordaland, nemleg Kjøholmen i Fitjar kommune. På dette tidlegare gardsbruket er fire bygningar foreslått freda.


Hordaland fylkeskommune støttar freding av Kjøholmen. Anlegget er eit godt bevart døme på eit mindre, kystnært gardsbruk frå slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet. Det representerer særskild viktige sider ved kulturhistoria i Hordaland og kyst-Noreg: dei mindre, kystnære bruka der gardsdrift vart kombinert med fiske, og med bygningar prega av enkel sveitsarstil. Dette er kategoriar som er sterkt underrepresenterte på fredingslista. Også geografisk vil ei freding av Kjøholmen skapa noko meir balanse i fredingslista; Fitjar har til no ingen freda kulturminne frå nyare tid, og det er heller ikkje mange av dei elles i dei ytre delane av Sunnhordland. Det er òg eit plussmoment at Kjøholmen ligg godt til rette for å inngå i eit heilskapleg vern av kulturmiljøet, jf. planane om å restaurera kystlyngheia på holmen.

Elles har fylkeskommunen ein kommentar til omfanget av fredinga. Tre av dei fire husa er foreslått freda berre i eksteriøret, ikkje i interiøret. Me reknar med at det, iallfall til dels, skyldast at interiøra er mindre autentiske og prega av nyare endringar, men erfaringa viser at interessante og viktige bygningselement ofte er bevarte bak nyare overflater. Med ei rein eksteriørfreding vil desse ikkje ha noko formelt vern. Rapporten om anlegget seier dessutan at delar av interiøret i bustadhuset er godt bevart. Det er heller ikkje uvanleg at våningshusa frå slutten av 1800-talet er bygd opp rundt langt eldre laftekjernar – slik det også vert sagt er tilfelle med kårhuset på Kjøholmen. Det er i det heile eit noko påfallande trekk at landsverneplanane gjer utstrakt bruk av rein eksteriørfreding, medan dette er mindre vanleg mellom vedtaksfredingane. Utan å kjenna nærare til kva vurderingar som ligg bak, er det vanskeleg for oss å ta stilling til om fleire av interiøra på Kjøholmen bør fredast. Vi vil likevel spørja om ikkje dette kan verta vurdert ein gong til.

Venleg helsing



Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator



Erlend Hofstad
spesialrådgjevar